

Brynhild Winther
Studentbyen Nattland 59,
5082 Bergen
Tlf:93065201

Lindås Kommune
Kvernhusmyrane 20/41,
5914 Isdalstø

19.nov.2013

Søknad om dispensasjon frå kommuneplan

Eg søker med dette om dispensasjon frå kommuneplan vedrørande Fyllingsnesvegen 343, gnr 213, bnr 18 i Lindås Kommune for å få omregulert huset til bustad.

Sjølve huset vil ha fordelar av å omregulerast.

Når eit bedehus vert seld, har det ei usikker framtid. Alternativa om det vert seld med tanke på bruk som vidare forsamlingshus, kan variera frå MC-klubb til ny religiøs verksemd. I både tilfelle er modernisering ein trussel mot det eksisterande historiske. Eller enda verre; manglande vedlikehald om det ikkje bur folk i huset, kan få konsekvensar for eit så gammalt bygg. Ein ser best ting som trengs å gjerast om ein bur i huset, kontra å bruka det i lag med mange menneske ei sjeldan gong. Sjølve bygget vil me vedlikehalda så mykje som mogeleg i original stand. Som eit levande minne og samstundes eit hus for komande og nolevande generasjonar. Eg meiner det er viktig å bevara sjela i bygnadar. Eg ville aldri ha budd i eit hus med kvite, sterile veggger innvendig. Difor er det viktig for meg å halda på det eksisterande, og kanskje til og med føra det attende til eldre byggeskikkjar.

Det skal uansett ikkje gjerast store endringar på sjølve bygget. Tidlegare er bygget blitt nytta til barnehage, skule og forsamlingshus, så mest sannsynleg tilfredsstiler det krav til trafikksikkert uteareal, rømmingsvegar og liknande.

Det einaste me tenkjer å gjera i første omgang, er å fjerna nokre av toaletta og setja inn eit dusjkabinett og avtrekk i neverande toalettrom.

Me vil òg sjølvsgart ta fagfolk med i vurderingar kring vatn, avløp o.l.

Når det gjeld parkering, står det at bustaden har "parkering på egen tomt". Den vil me nytta når me får besøk. (Me har ikkje bil). Det vil òg verta mindre trafikk i området når det er privat bustad og ikkje eit forsamlingshus. Eg reknar med det har vore ganske kaotisk med parkering langs vegen når det har vore stor aktivitet på bedehuset.

Fordelar for nabolaget

Med våre interesser vil me bidra til å skapa eit meir levande bygdesamfunn. Eg (Brynhild) er student på KHB, og tenkjer å halda artist-talks og teiknekurs for sambygdingar. Det eksisterer allereie eit lite galleri i bygda, og eg trur me kan vera med å vidareutvikla det allereie eksisterande kreative miljøet. Eg vil òg jobba for kreativ utvikling for born. Arve tenkjer å halda kurs i såpelaging og analog fotografering og mørkeromsarbeid. Han har òg tidlegare jobba som klatreinstruktør. Me har rett og slett

mange nye impulsar å tilføra eit lite samfunn. Dessutan er det generelt sett ein klar fordel at det vil flytta unge folk til bygda og etablera seg der med små born. (Me har to guitar på 2 og 4 år).

Eg meiner at både huset og bygda har klare fordelar av bruksendring. Eg kan ikkje finna at omregulering til bustad skal medføra ulemper for verken huset i seg sjølv, eller samfunnet rundt.

Det einaste ulempa må vera om tidlegare forsamling i Eikanger Bedehus ikkje lengre har eit lokale å opphalda seg i. Men i og med at det var dei som selde huset til meg, reknar eg med at dei har sett seg ut eit nytt lokale. Seljar var òg informert om kva eg tenkte å bruka bustaden til då dei aksepterte budet.

Eg søker med dette om dispensasjon frå kommuneplanen. Eg søker samstundes om mellombels dispensasjon fram til endelege vedtak vert fatta, (om dette har kortare behandlingstid). Slik at huset kan nyttast til bustad før saka er ferdig behandla.

Mvh
Brynhild Winther